

# *Kunstnarisk utsmykka mållagsstove*

*Fana er laga av Lars Osa i 1914.*



*Biletvefteppa er laga av kunstnaren  
Else Marie Jakobsen.*

*På teppet til venstre står det Norsk  
Ordbog, og der er bilete av Ivar Aasen.*

*Teppet til høgre har bilete av Aasmund  
Olavsson Vinje og påskrifta Dølen.*

*Oddmund Viken i salongen.*



**Det er fleire keramikkarbeid av kunstnaren Grete Nash.**



**På kunstverket under har forfatteren Paal-Helge Haugen skrive dette:**

*Ord leitar seg fram over bordets blanke flate*

*pyntelege ord og vaktsame ord*

*hjelpelause ord*

*setningar som går seg vill*

*ei hemmeleg kviskring i øyra*

*språk utan vandelsattest*

*Stundom skuggen av ei uventa meining*

*eller eit ekko, røystene til forfedrar*

*formødrer som talar gjennom deg*



*Ord som har slått seg ned mellom gatene i kvadrateens kvite hus og murklossar*

*ord på reise borne hit frå munn til munn til munn*

*ord farga av røsslyng gjennompusta av salt vind*

*ord frå reinsdyrviddene eller fiskebåten*

*slitets ord og ei stille glede*

*som får ord til å lyse innanfrå*

*til sist eit hundre år gamalt kallesignal*

*knappt høyrbart, ei frosen sjel som ikkje vil gi opp*

*når Petronelle Torjusdatter ropar ut*

*det ho har i korga: mat i bytte for liv*

**Paal-Helge Haugen**